
Saknr: 2020/37544-1
Saksbehandlar Petter Lem Gullestad
Dato: 31.01.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fast avløysar for fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen skal ha ein fast avløysar som trer inn i fylkesrådmannen sin stad ved ferieavvikling, sjukdom og liknande.

I Reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.2 er det fastsett at fylkesutvalet tek avgjerd om «tilsetjing av fylkesrådmannen sin faste avløysar og fastsetjing av løn til vedkomande». Det følgjer òg av reglement for delegering til fylkesrådmannen punkt 2.5 at fylkesrådmannen ikkje sjølv kan tilsetje sin faste avløysar.

Samstundes følgjer det av ny kommunelov § 13-1 (7) at «Kommunedirektøren har det løpende personalansvaret for den enkelte, inkludert ansettelse, oppsigelse, suspensjon, avskjed og andre tjenstlige reaksjoner, hvis ikke noe annet er fastsatt i lov.»

I førearbeida, Prop.46 L (2017-2018), heiter det om føresegna: «Lovfesting av dette ansvaret er nytt og innebærer at kommunestyret og fylkestinget ikke kan velge noen annen løsning. Det vil si at de kan ikke gi kommunedirektøren mindre ansvar enn det som her følger av loven, men de kan selvfølgelig delegere mer ansvar til kommunedirektøren innenfor lovens rammer.»

Fylkesrådmannen si vurdering er at mynde til å utpeike fast avløysar ligg til fylkesrådmannen, og at det ikkje er høve til å regulere dette annleis. Fylkesrådmannen vil revidere reglement for folkevalde organ og delegering i samsvar med dette.

Det er fylkesrådmannen sitt valg at fylkesdirektør for organisasjon og økonomi går inn i funksjonen som fast avløysar for fylkesrådmannen. Det vert gjeve eit årleg tillegg på kr 50 000 for funksjonen som fast avløysar.